

Deres ref.:

Vår ref.:
Varslingsbrev - 5202426

Dato:
2020-08-26

Varsel om igangsetting av planarbeid; «Detaljreguleringsplan for Mortingbåen og Florevika - utdyping av leia» i Kinn kommune - PlanID 20200117

Med heimel i plan og bygningslovens § 12-8 kunngjer Norconsult AS på vegne av Kystverket Vest startar arbeidet med «Detaljreguleringsplan for innsegling Florø og Mortingbåen» i Kinn kommune.

Kystverket med bistand frå Norconsult som rådgivar vil organisere planarbeidet og utarbeide planforslag. Kommunen legger reguleringsplanen ut til høyring / offentlig ettersyn, behandlar uttale og fremmer planen til politisk vedtak.

Hensikten med planarbeidet er utvikle farleia til Florø hamn slik at den i framtida vil være en god og trygg hamn for brukarane. Tiltaka skal sikre at skipsleia har tilstrekkeleg djup og stort nok manøvreringsareal for nødvendig framtidig skipstrafikk. Tiltaka skal:

- Betre tilgjenge for offshore-riggar til og frå Florø hamn
- Redusere sannsynet for grunnstøytingar og botnberøringar
- Redusere ulykkeshendingar / tap av menneskeliv
- Redusere sannsynet for forureinande utslepp som følge av grunnstøytingar etc.

Det er definert tre planområde med behov for utdyping. Områdene som ligger om lag 2 – 2,5 km frå kvarandre, er vist på vedlagte kart:

Namn på planområde	Storleik på planområde (daa)	Tiltaksareal – Kor mange og storleik (daa)
Mortingbåen	770 daa	5 areal – 30 daa
Innsegling Florø - Vest	685 daa	4 areal – 70 daa
innsegling Florø - Øst	75 daa	2 areal – 7 daa

Avgrensning av planområda er vist med på vedlagte oversiktskart. Planområda omfattar sjøareal (overflate, vatn søyle og botn) som kan påverkast av utdjuvinga av farleiene. Dersom utdjuvinga påverkar forhold utanfor planområda vil dei og bli vurdert i planarbeidet. .

Tiltaksområda «Innsegling Florø» skal utdjuvast til -19,3 meter slik at bredda på farleiene utvidast frå 120 til 140 meter. Tiltaksområda «Mortingbåen» skal utdjuvast til -14,3 meter for å betre sikkerheit og framkommeligheten i leia. Tre eksisterande navigasjonsinnretningar skal fjernes.

Kystverket anslår 10-16 månader anleggsperiode for kvar av de to tiltaksområda.

Kinn kommune stiller krav om konsekvensutgreiing (KU) av tiltaka slik at alle relevante verknader av tiltaka blir belyst. De viser til Vedlegg II pkt 10 e i KU-forskrifta: «*Bygging av veier, hamner og hamneanlegg, mellom anna fiskehamner og offshorerelaterte hamner, samt **utviding eller vesentleg endra bruk av eksisterande hamner eller farleier.***» Kommunen har 16.04.2020 som grunnlag for utgreiing av konsekvensar gjort ei registrering av arealinteresser som tiltaka kan påverke. Interessene som vil kunne gje vesentlege konsekvensar er forureining av vassmiljø og sjøbotn, støy i anleggsfasen og naturmangfald.

Sjøareala i og rundt tiltaksområda er i kommunens gjeldande oversiktsplanar avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner», «Ferdsl i sjø / Farleier» eller «Næringsområde». Deler av områdene er omsynssoner for naturmiljø, friluftsliv og sikringssone luffart (høgderestriksjonar rundt Florø lufthamn).

De antatt viktigaste utgreiingsbehova i planarbeidet vil være:

- *Forureining av vassmiljø og sjøbotn:* Kartlegging av evt. forureining, vurdering av risiko for partikkelspreiing samt avgrensning og spreining av eventuelt forureina sediment.
- *Kulturarv:* Registrere og vurdere konsekvensar for marinarknologiske verdier.
- *Sjøtrafikk / Samfunnstryggleik:* Beskrive konsekvensar for skipstrafikken.
- *Fiskeri:* Vurdere konsekvensane for registrerte fiskeri-interesser.
- *Naturmangfald:* Vurdere konsekvensane for registrerte marine naturverdier.
- *Friluftsliv:* Vurdere konsekvensane for registrerte friluftsliv-interesser i sjø.
- *Støy i anleggsfasen:* Vurdere anleggsstøy i byggeperioden
- *Andre konsekvensar:* Forhold som kommer til syne i reguleringsplanprosessen.

Vedlagte forslag til utgreiingsprogram gir fleire detaljer.

«Innsegling Florø og Mortingbåen» er ein av dei prioriterte utbetringstiltaka i perioden 2022–2033 i arbeidet med neste Nasjonal transportplan.

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettes til Kystverket Vest v/ Martin Tveit, tlf. 52 73 32 28, e-post: martin.tveit@kystverket.no, eller Norconsult AS v/ John Stephen Skjøstad, tlf. 456 36 944, e-post: john.stephen.skjostad@norconsult.com.

Informasjon om reguleringsplanarbeidet er finns på nettsidene til kommunen, Kystverket og Norconsult:

- **Kinn kommune:** www.kinn.kommune.no/tenester/politikk-planar-innsyn-og-hoyringar/hoyring-og-kunngjeringar/
- **Kystverket:** www.kystverket.no/Maritim-infrastruktur/Utbygging-av-fiskerihavner-og-farleder/Farledsprosjekter/
- **Norconsult:** www.norconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/?targetId=cbody&method=insert

Innspel og synspunkt som har betydning for planarbeidet kan sendes skriftleg eller på e-post til Norconsult med kopi til Kystverket innan **30. september 2020**.

- Adresse: Norconsult AS v/ John Stephen Skjøstad, Klæbuvn 127b, 7031 Trondheim
- E-post: john.stephen.skjostad@norconsult.com
- Kopi adresse: Kystverket v/ Martin Tveit, Postboks 1502, 6025 Ålesund
- Kopi e-post: martin.tveit@kystverket.no

Husk å merke innspela med «**2020/1276 Detaljreguleringsplan for Mortingbåen og Florevika – utdjuping av leia**». Kinn kommune vil få oversendt kopi av alle planinnspela samla etter at dei er vurdert av Kystverket.

Med helsing
Norconsult AS

John Stephen Skjøstad

- Vedlegg:
1. Oversiktskart med avgrensing av dei tre planområda
 2. Planprogram mellom anna med forslag til konsekvensar som skal utgreiast
 3. Referat frå oppstartsmøte med Kinn kommune 23.06.2020
 4. Adresseliste